



Arkivsaksnr.:
2022/8600

Dokumentdato:
08.06.2022

Styre:
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:
27/22

Møtedato:
21.06.2022

Programleiing for lektorutdanninga og mandat for Lektorutdanningsutvalet for HF (LUHF)

Bakgrunn

I juni 2021 vedtok Universitetsstyret ny organisering av lektorutdanninga ved UiB: https://ekstern.filer.uib.no/ledelse/universitetsstyret/2021/2021-06-17/S_76-21Organisering-lektorutdanningenUiB.pdf. I den nye organiseringa vert det oppretta eit lektorsenter med ein fagdirektør og stab. Den øvste leiinga for lektorutdanninga skal skjøttast av styringsgruppa for lektorutdanninga, som er sett saman av utdanningsdekanane og er leia av prorektor for utdanning. Under styringsgruppa ligg det eit felles programstyre for alle lektorutdanningsprogramma ved UiB, inklusiv PPU.

Ved Det humanistiske fakultet er det tre lektorprogram: Lektorutdanning med master i nordisk, Lektorutdanning med master i framandspråk og Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitskap. Per i dag er det berre Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitskap som har eit eige programstyre. I universitetsstyret sitt vedtak heiter det at det er opp til fakulteta sjølve å avgjera korleis ein vil organisera leiinga av lektorprogramma. Men det følgjer av det nye styringssystemet i lektorutdanninga og det nye mandatet for programleiing at kvart av lektorprogramma ved HF bør ha sitt eige programstyre. Dette er for å sikra at ansvaret for myndigheit og ressursfordeling i leiinga av lektorprogramma er tydeleg og for å sikra at programmet vert utøvd i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning (jf. Sak 19/22 Styringsgruppen for lektorutdanningen: https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling_og_saksliste_09.06.22.pdf).

Lektorutdanningsutvalet ved HF (LUHF) har fram til no hatt ei sentral oppgåve i leiinga av lektorutdanninga ved fakultetet: <https://www.uib.no/hf/22017/lektorutdanningsutvalet-ved-hf>. I den nye styringsordninga er ikkje dei fakultetsvise lektorutdanningsutvala teikna inn. Universitetsstyret sitt vedtak kan tolkast som at alle lektorutdanningsprogramma ved HF skal ha ein eigen representant i det sentrale programstyret. Men det kan diskuteras om dette er fornuftig ressursbruk. I møtet i styringsgruppa for lektorutdanninga 9/6-2022 vart det òg avklart at universitetsstyret sitt vedtak kan tolkast som at det er tilstrekkeleg at HF har ein representant i det sentrale programstyret som representerer alle dei tre programma ved fakultetet.

Trass i at dei fakultetsvise organa ikkje er teikna inn i den nye styringsmodellen i lektorutdanninga, er det mykje som talar for å oppretthalda LUHF. Éin viktig funksjon vert å peika ut HF sin representant i det sentrale programstyret og i praksisutvalet. Det er likeins ønskeleg med eit organ med representasjon frå PPU-emna og EVU-programma ved HF.

Desse er ein viktig del av lærarutdanningsporteføljen ved fakultetet. Noko som særskilt talar for å halda oppe eit fakultetsvis organ, er at det framleis vil vera behov for eit organ som har ei koordinerende rolle i lektorutdanningsspørsmål på fakultetsnivået, der ein kan drøfta felles faglege og administrative problemstillingar som vedrører alle lektorutdanningsprogramma ved fakultetet.

Fakultetet føreslår difor å vidareføra LUHF. Samansetjinga bør vera som den har vore. For å sikra ein god informasjonsflyt, føreslår fakultetet at utdanningsdekanen får observatørstatus i utvalet, og at det skal førast referat frå møta i LUHF som vert lagt fram i Studiestyret. Dekanen ber om fullmakt til å utarbeida eit meir detaljert mandat for LUHF.

[NN sine] kommentarer

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar å vidareføre LUHF som foreslått. Dekanen får fullmakt til å utarbeide eit meir detaljert mandat for LUHF.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør